



<http://vestnes-sogelag.no/>

VESTNES SOGELAG
Årsmøte 20.03.19 kl 19.00
Kyrkjelydshuset i Fiksdal

SAKLISTE

1. Konstituering av møtet.
 - a) Godkjenning av innkalling og sakliste.
 - b) Val av møteleiar.
2. Årsmelding frå styret for 2018.
3. Årsmelding frå skriftstyret 2018.
4. Rekneskap 2018.
5. Val.
6. Fastsetting av kontingent for 2020.

Kaffipause.

Etter årsmøtet:

Orientering

ved Petter Inge Bergheim om «Protokol for Fiksdals Sogns Samtalelag».

ÅRSMELDING FOR 2018

VESTNES SOGELAG

(org.nr. 911654407)

Medlemstal

Laget har ved årsskiftet eit medlemstal på 289. Dette er ein netto medlemsnedgang på 10. Avgangen er 24 (død, ikkje medlem lenger) medan tilgangen er 14 nye medlemmer.

Styret

Leiar: Arvid Blindheim (valt for 2018)

Styremedlemmer: Johan Hjelvik (valt for 2018 – 19) Johan døydde i september.

Eli Skavnes (valt for 2018 – 19)

Bjørn Flate (valt for 2017 – 18)

Ellen Eiknes Forland (valt for 2017 – 18)

Vara til styret: Hilde Sylte Baltzersen (attval for 1 år)

Lars Sigmund Kleive (attval for 1 år)

Styret har halde 4 styremøte i 2018. I tillegg er det halde kontakt pr. telefon og pr. mail mellom medlemmer etter behov. Johan Hjelvik vart valt til funksjon som nestleiar og Ellen Forland som sekretær i styret. Varamedlemmer har vore kalla inn til alle styremøta. Det har vore tett samarbeid mellom styret og skriftstyret og mellom styret og fotogruppa.

Aktivitet

21. mars: Årsmøte i kommunestyresalen med vanlege årsmøtesaker. Etter årsmøtet orienterte Jostein Bø om det omfattande fotobevaringsarbeidet som blir utført av fotogruppa i Vestnes sogelag og det gode og viktige samarbeidet som er utvikla og etablert med IKA Møre og Romsdal/Fylkesfotoarkivet. Om lag 25 møtte. Det blei servert kaffi og noko å bite i.

02. juni: Sogelagstur til Kvernes stavkirke i Averøy og Mellemverftet, levende skipsverftsmuseum tilhøyrande Nordmøre museum, i Kristiansund. Frå styret var Johan ansvarleg for planlegging av turen, men fekk sjølv ikkje delta grunna sjukdom. 20 var med, dei fleste medlemmer. Dette vart ein tur rik på opplevingar med gode og kunnskapsrike omvisarar både i Averøy og i Kristiansund. Vi hadde felles middag på Smia restaurant etter omvising på Mellemverftet Bussen tok oss over Atlanterhavsvegen til Averøy, gjennom Atlanterhavstunnelen til Kristiansund og over Krifast på heimveg. Vi var heime kl. 18.00 presis etter ein vellukka dag.

02. september: Familiedag på Tresfjord museum. Torhill og Hilde stod for arrangement, som dei to tidlegare åra, i eit samarbeid med museet og Tresfjord bygdekvinnelag. Sogelaget dekte utgiftene og museet fekk inntektene, slik praksisen har blitt. Meir enn 200 små og store var innom og fekk oppleve daglegdage tradisjonar frå gamle dagar. Ein vellukka dag som fekk god pressedekning.

15. september: Frivilligdagen med stand inne på Vestnes Brygge. Boksal og 3 nye medlemmer meldte seg. Stor interesse for laget og god og interessant dialog med folk. Sogelaget stilte med representantar frå styret, fotogruppa og skriftstyret. Frivilligdagen trekte mange. God presseomtale av arrangementet i lokalavisene.

22. september: Historievandring i Tresfjord. Om lag 60 møtte. Odd Jarle Talberg og Einar Baltzersen planla og leia vandringa, med supplement frå Arnljot Løvik og Steinar Kjersem frå Tresfjord Museum. Vandringa gjekk frå meieriet og austover med mellom anna omvising og orientering i Tresfjord kyrkje ved Martinus Løvik og kyrkjekaffi servert i Kristengarden. Eit populært tiltak som fekk god omtale i avisene.

26. november: Bokpakking av årsskriftet i kantina i kommunehuset. Både styret, skriftstyret og andre var med på denne dugnaden. Mange medverka på ein effektiv måte å omdele bøkene rundt om i heile kommunen, - ein effektiv og økonomisk god måte å sikre at alle fekk sitt eksemplar av boka.

03. desember: Bokslepp på biblioteket; vi presenterte årsskriftet for 2018. Ellen frå styret samarbeidde med Vigdis Ødegård på biblioteket om arrangementet. Per Bjørn Ellingseter presenterte boka medan Tore Tomren, Einar Baltzersen og Petter Inge Bergheim presenterte sine artiklar. Dei vel 30 frammøtte hadde ei fin stund. Omtale i lokalavisene.

Fotobevaringsarbeidet

Fotogruppa har vore Vebjørn Fiksdal, leiar, Olav Hole, Jostein Bø, Edmund Melkild og Lars Sigmund Kleive. Gruppa arbeider med digitalisering av fotoarkiva etter Kristoffer Aas og Lars Pedersen. Aas-arkivet inneheld ca. 7-9000 negativ, for det meste glasplatenegativ, medan Pedersen-arkivet består av ca. 15.000 negativ, for det meste plastfilm/acetatfilm. Begge arkiva er no overtekne av Fylkesfotoarkivet som gåve frå Kari T. Utgård og Torgeir Utgård. Mot uavgrensa bruksrett har laget gjort avtale om å ta seg av digitaliseringsarbeidet.

Fotogruppa har i løpet av 2018 hatt 7 dugnader, der oppgåvene har vore vasking/reingjering av glasplatenegativa, ompakking av platene, avfotografering, registrering av bilde, samt enkel bildebehandling. Så snart negativa er avfotograferte vert dei flytta til trygg oppbevaring i Fylkesfotoarkivet/IKAMR sine arkiv i Ålesund.

Sjølve avfotograferinga har Ragnar Albertsen frå Fylkesfotoarkivet hjelpt til med, og til no har ein nytta deira utstyr til dette. Sogelaget er i ferd med å kjøpe inn eige utstyr til dette, slik at laget skal vere sjølvhjelpete også med avfotograferinga.

Ved nyttår låg om lag 2500 bilde frå Aas-arkivet på nett, og i tillegg er om lag 700 bilde ferdig avfotograferte og vil bli lagt ut så snart dei har gjennomgått ei bildebehandling med beskjerjing.

Fotogruppa har også mange ferdig reingjorde glasplater, og startar 15.januar 2019 opp med ny dugnadskveld der det vert halde fram med dette omfattande og viktige arbeidet. Stor takk til fotogruppa!

Årsskriftet 2018

Årsskriftredaksjonen, Johan Hjelvik, leiar, Einar Baltzersen og Martinus Løvik var komne langt i arbeidet med årsskriftet då Johan døydde i september. Likevel vart dette ein vanskeleg situasjon for redaksjonen og Per Bjørn Ellingseter tilbød seg å hjelpe til med å fullføre årsskriftet. Såleis blei summen av innsats frå desse fire og mange gode artiklar frå fleire forfattarar, både tidlegare og nye, til eit praktverk av ei bok også i 2018. Boka har fått mykje god omtale både i media og av lesarar. Alle medlemmene får boka, og ho sel godt i den lokale bokhandelen. Stor takk til redaksjonen!

Forhandlingsprotokol for Fixdals Sogns Samtalelag

Vestnes sogelag har i 2018 i tillegg til årsskriftet stått som utgjevar av *Protokol for Fixdals Sogns Samtalelag*. Dette laget var eit av mange samtalelag eller pratarlag som vaks fram i bygdene våre i oppvakningstida mot slutten av 1800-talet.

Petter Inge Bergheim har skrive av den originale protokollen som er eit godt tidsbilete og vitnemål om lokalt engasjement i både store og små saker. I tillegg til avskrifta av protokollen som er trykt i si heilheit, er det teke med ein kort omtale av nokre av dei mennene som var med i starten. Omtalar/nekrologar i Romsdals Budstikke for fire av desse mennene er teke med til slutt i boka.

Vestnes sogelag såg det som viktig lokalhistorisk arbeid å gjere dette stoffet lettare tilgjengeleg for interesserte, og sa seg villig til å ta kostnaden med å få protokollen trykt. Økonomisk støtte frå Bjørn Rune Gjelsten bidrog til at protokollen vart trykt i bokform.

Økonomi

Totale inntekter var i 2018 kr 152.134. Utgiftene var større, kr 238.053,89 slik at årsresultatet er minus kr 85.919,89. Eigenkapitalen er kr 232.051,17.

Rekneskapen blir ført etter kontantprinsippet, slik at t.d. innbetaling frå boksal i 2018 blir bokført først i 2019. Minus i rekneskapen skuldast to planlagde val styret har gjort: 1) innkjøp av utstyr til fotobevaringsarbeidet der laget nå gjer eit stort og viktig arbeid og 2) kostnaden med å gi ut Forhandlingsprotokol for Fixdals Sogns Samtalelag. Ved godt sal av denne boka vil utgiftene på sikt bli dekt inn.

Frå og med 2017 betaler Sogelaget husleige til kommunen for arkivet i «Gulehuset».

Hallgeir Andersson har nok eit år halde orden i medlemmar og rekneskap. Takk til han!

Underskrifter:

Vestnes, 30. januar 2019

Arvid Blindheim

Ellen Eiknes

Bjørn Flate

Eli Skavnes

Årsmelding 2018 frå skriftstyret

Skriftstyret for 2018 starta arbeidet med Johan Hjelvik (koordinator), Einar Baltzersen og Martinus Løvik som medlemmer. Etter at Johan Hjelvik gjekk bort, sa 'gamleredaktøren' Per Bjørn Ellingseter seg villig til å hjelpe med arbeidet, og Martinus tok over som koordinator. Den solide erfaringa med årbokarbeidet som Per Bjørn har, saman med den direkte arbeidsinnsatsen, var til stor hjelp. Elles fekk redaksjonskomitéen mykje god hjelp frå medlemmer i Fotogruppa. Samarbeidet med Vestnesavisa ved Helene Henriksen med å gjere bokmanuskriptet klart til trykking, fungerte framifrå.

Arbeidet kom godt i gang på forsommaren. Johan hadde ei rekkje idéar og hadde sjølv fleire manus under arbeid, og stod på med arbeidet til det siste. Vi hadde såleis eit godt grunnlag å arbeide vidare på, jamvel om somme manus Johan abeidde med diverre ikkje kunne fullførast.

Årsskriftet har to mål. Det skal registrere og ta vare på for ettertida opplysningar og kunnskap som ellers vil gått tapt, arkivfunksjonen kan vi kalle det. Årsskriftet skal også spreie kunnskap om folks liv og lagnad i gamal og nyare tid, og halde denne kunnskapen levande. Forteljarfunksjonen kan vi kalle dette. Desse to funksjonane – faktaregistreringa og å fortelje den gode historia – vil ofte gå hand i hand. Dette speglar seg i artiklane, som spenner frå registerprega opplysningar over til folks minne og opplevingar, og frå kåseriprega stykke til populærvitskapeleg utforma artiklar. Ikkje absolutt alt stoff treng vere originalt – det er innafor årsskriftet si oppgåve som formidlar å ta fram att enkelte artiklar frå gamle eller lite tilgjengelege kjelder, og gjerne sette dei i samanheng med nytt stoff. Eit vilkår er at stoffet må ha interesse for dagens lesarar.

Stofftilgangen til Årsskrift 2018 var god. Boka vart på 230 sider pluss omslagssidene, og har 27 store og små artiklar utanom minneord og fast stoff. Ein del manus var forfatta av, eller vart skrivne på oppmoding frå redaksjonskomitéen, men vi var og heldige og fekk fleire gode manus som overrasking i postkassa. Årsskriftet synest å ha ein trufast skribentflokk, men vi kunne og glede oss over gode bidrag frå nye og yngre forfattarar. Vi trykte opp att ein lokalhistorisk reportasje frå lokalavisa for nokre år sidan, stoff frå protokollar frå foreiningslivet i bygdene i eldre og litt nyare tid, og vi supplerte eit par nye artiklar med optrykk av stoff om samme temaet frå litt eldre kjelder. Likevel er årsskriftet mest prega av nyskrive materiale. Tidsspennet er frå vikingetida til opp mot samtida, mest frå seint 1800-tal og 1900-talet. Den geografiske dekninga av kommunen vart rimeleg god, men er ei utfordring som krev aktiv innsats frå redaksjonen. Sameleis er det ei utfordring å få meir stoff av og om kvinner – berre 5 av 27 artiklar har kvinnelege forfattarar, og to av desse fem artiklane vart aktivt henta inn av redaksjonsgruppa. Redaksjonen la elles vekt på å få med mange bilete med fyldige opplysningar til artiklane, og jamvel med god hjelp frå Fotogruppa tok dette arbeidet mykje tid.

Årsskriftet vart presentert på Romsdalsmuséet si lokalhistoriske mønstring 29. november, og fekk svært god mottaking. Sameleis fekk Årsskriftet god omtale i avisene. Slik stofftilgangen var i 2018, og med dei emna redaksjonen ser at det bør skrivast om i tillegg til dei frie bidrag som måtte komme, meiner skriftstyret for Årsskrift 2018 at Sogelaget bør ta sikte på å lage eit årsskrift også for 2019.

Stor takk til forfattarane, til Vestnesavisa og alle andre som var med på arbeidet, og til Vestnes kommune og næringslivet i kommunen for økonomisk støtte. Ikkje minst vil vi takke alle for oppmuntring og positiv respons!

Tresfjord/Vestnes, 16. mars 2019

Einar Baltzersen

Per Bjørn Ellingseter

Martinus Løvik


Vestnes Sogelag – Rekneskap 2018


Inntekter	Konto	Beløp
Medlemskontingent	1	61 960,00
Salg årsskrift	2	26 270,00
Arrangement	3	16 200,00
Salg annonser/sponsor	4	15 000,00
Kulturtilskudd, gaver m.v.	5	15 000,00
Øvrige inntekter	6	1 004,00
Prosjekt (utgjevig av CD, hefter, etc)	7	16 700,00
Sum inntekter		152 134,00

Utgifter	Konto	Beløp
Adm/porto m.v.	11	17 258,00
Årsskrift, trykking m.v.	12	125 878,00
Arrangement	13	25 815,00
Øvrige utgifter	15	
Prosjekt (utgjeving av CD, hefter, etc)	17	69 102,89
Sum utgifter		238 053,89
Resultat i året		-85 919,89
Sum		152 134,00

Balanse		
Eigenkapital 01.01.2018		317 971,06
Resultat i året		-85 919,89
Eigenkapital 31.12.2018		232 051,17

Vestnes, den 31.12.2018 / 11.01.2019


Hallgeir Anderson
forretningsfører


Jarle Løvik
revisor


Helge Bjerkevoll
revisor

Vestnes Sogelag - Regnskap 2016 - 2018

		2016	2017	2018	
Inntekter		Konto	Beløp	Beløp	Beløp
Medlemskontingent	1	51 660,00	58 280,00	61 960,00	
Salg årsskrift	2	32 375,00	45 435,00	26 270,00	
Arrangement	3	19 100,00	19 741,00	16 200,00	
Salg annonser/sponsor	4	17 000,00	20 000,00	15 000,00	
Kulturtilskudd, gaver m.v.	5	16 674,40	15 000,00	15 000,00	
Øvrige inntekter	6	1 205,00	1 045,00	1 004,00	
Prosjekt (utgivelse av CD, hefter, etc)	7	156 600,00	500,00	16 700,00	
Sum inntekter		294 614,40	160 001,00	152 134,00	

Utgifter		Konto	Beløp	Beløp	Beløp
Adm/porto m.v.	11	14 798,50	12 165,00	17 258,00	
Årsskrift, trykking m.v.	12	109 584,50	114 122,40	125 878,00	
Arrangement	13	25 328,79	30 272,78	25 815,00	
Øvrige utgifter	15	1 570,00	-		
Prosjekt (utgivelse av CD, hefter, etc)	17	-	973,80	69 102,89	
Sum utgifter		151 281,79	157 533,98	238 053,89	
Årets resultat		143 332,61	2 467,02	-85 919,89	
Sum		294 614,40	160 001,00	152 134,00	

Balanse				
Egenkapital 01.01.		172 171,43	315 504,04	317 971,06
Årets resultat		143 332,61	2 467,02	-85 919,89
Egenkapital 31.12.		315 504,04	317 971,06	232 051,17

VESTNES SOGELAG, VALNEMNDA SI INNSTILLING TIL ÅRSMØTET 2019:

STYRET

Leiar: (Ikkje lukkast å finne styreleiar før årsmøtet) ---Valnemndinformasjon i møtet.

Styremedlemmar: Eli Skavnes ikkje på val
Bjørn Flate attval, for 2 år
Mary Ellingseter Skram ny, for 2 år

Varamedlemmar: Lars Sigmund Kleive attval, for 1 år
Liv Anne Øveraas ny, for 1 år

SKRIFTSSTYRET

Leiar: Martinus Løvik attval, for 1 år

Styremedlemmar: Einar Baltzersen attval, for 1 år
Petter Inge Bergheim ny, for 1 år

FOTOGRUPPA

Leiar: Vebjørn Fiksdal

Medlemmar: Jostein Bø, Edmund Melkild, Olav Hole, Lars Sigmund Kleive og
Oddbjørn Westnes

REVISORAR Jarle Løvik attval, for 1 år
Helge Bjerkevoll attval, for 1 år

VALNEMND Odd Jarle Talberg attval, for 1 år
Torhill Sellereite attval, for 1 år

Vestnes 14. mars 2019

Odd Jarle Talberg

Torhill Sellereite